



Innkalling
av
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 16.10.2017

Møtestad: Formannskapssalen, rådhuset

Møtetid: 13:00 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast til Bente Knarvik per tlf. 56 37 51 61, sms til eller per epost til Bente.Knarvik@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

Orientering om utenlandsreiser organisert av Frivilligsentralen v/Ørjan Raknes Forthun
BPA-ordning v/Kari Hesjedal
Kvardagsrehabilitering v/Anita Bjørsvik Kvamme

Sakliste

Saknr	Tittel
032/17	Godkjenning av innkalling og saksliste
033/17	Godkjenning av møteprotokoll
034/17	Framlegg til planprogram og oppstart av kommuneplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen

6. oktober 2017

Vetlemøy Wergeland
møteleiar

Bente Knarvik
møtesekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
032/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	16.10.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	17/2805

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

Saksopplysningar:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
033/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	16.10.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	17/2805

Godkjenning av møteprotokoll

32T

Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 28.08.2017

Møteprotokollen vert godkjent

Saksopplysningar:



**Møteprotokoll
for
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

Møtedato: 28.08.2017

Møtestad: Formannskapssalen, rådhuset

Møtetid: 13.00 - 14.30

Gjennomgang av tidl. saker som rådet har hatt.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Vetlemøy Wergeland	KRF	Utvalsleiar
Øystein Reidar Moldeklev		Nestleiar
Bente Orlen Westervik		Medlem
Reidar Knutsen		Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Terje Olav Olsen		Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Astrid Aarhus Rolland		Terje Olav Olsen

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Margrethe Høyland , rådgivar Christian Reinhol

Neste møte: Rådet ynskjer orientering om TEK17. Ta kontakt med Therese Urdahl Braseth for avtale.

Rådet ynskjer orientering om kvardagsrehabilitering og rehab. for kronikarar.

Representantane for referansegruppene skule får møte referat. Etterlyser møteinkallinga.

Sakliste

Saknr	Tittel
029/17	Godkjenning av innkalling og saksliste
030/17	Godkjenning av møteprotokoll
031/17	1. gangs handsaming av reguleringsplan Langøy-Ospeneset akvakulturområde, plan-id 1263-201606

029/17: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

28.08.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Innkalling og saksliste vert godkjend.
Samrøystes vedteke.

RMNF - 029/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

030/17: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent

28.08.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møteprotokoll fra møtet 29.05.17 vert godkjend med denne merknaden:
På møtet 29.05.17 lova rådmannen og komme med med svar til Vetlemøy Wergeland så snart som mulig , i god tid til neste møte, ang. spørsmål om Frivilligsentralen sine utenlandsturer. V. Wergeland har og prøvd og få rådmannen i tale. Rådet ynskjer skriftleg svar snarast .
Samrøystes vedteke.

RMNF - 030/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Møteprotokoll fra møtet 29.05.17 vert godkjend med denne merknaden:
På møtet 29.05.17 lova rådmannen og komme med med svar til Vetlemøy Wergeland så snart som mulig , i god tid til neste møte, ang. spørsmål om Frivilligsentralen sine utenlandsturer. V. Wergeland har og prøvd og få rådmannen i tale. Rådet ynskjer skriftleg svar snarast .

031/17: 1. gangs handsaming av reguleringsplan Langøy-Ospeneset akvakulturområde, plan-id 1263-201606

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge planframlegg for Langøy-Ospeneset akvakulturområde, plan-id 1263-201606, ut på høyring og offentleg ettersyn på

følgjande vilkår:

1. Endra føresegns § 4.5: Føremålet er fleirbruksområde for ferdslle og akvakultur. I området er det tillate med justering av plassering og mindre endring av akvakulturanlegg. I området er det høve til å føre fram kablar for tilføring av elektrisitet. Det er tillate å erstatte eksisterande anleggskonfigurasjon med ny teknologi og driftsmåtar. Kommunen skal godkjenne justering av plassering og mindre endringar av anlegg som kjem inn i området.

Tiltak som kan hindre eller forstyrre akvakulturverksemrd, skal ikkje tillatast i nærleiken av områda avsett til akvakulturformål.

Tiltak i området skal spesielt avklarast med omsyn til bileia Masfjorden, og navigasjonsinnretningar.

.....

28.06.2017 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 076/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge planframlegg for Langøy-Ospeneset akvakulturområde, plan-id 1263-201606, ut på høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Endra føresegns § 4.5: Føremålet er fleirbruksområde for ferdslle og akvakultur. I området er det tillate med justering av plassering og mindre endring av akvakulturanlegg. I området er det høve til å føre fram kablar for tilføring av elektrisitet. Det er tillate å erstatte eksisterande anleggskonfigurasjon med ny teknologi og driftsmåtar. Kommunen skal godkjenne justering av plassering og mindre endringar av anlegg som kjem inn i området.

Tiltak som kan hindre eller forstyrre akvakulturverksemrd, skal ikkje tillatast i nærleiken av områda avsett til akvakulturformål.

Tiltak i området skal spesielt avklarast med omsyn til bileia Masfjorden, og navigasjonsinnretningar.

.....

28.08.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådgivar Christian Reinshol orienterte i saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne rår til at det må takast hensyn til folkehelse, støy og forureining av friluftsområda.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 031/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Råd fpr menneske med nedsett funksjonsevne rår til at det må takast hensyn til folkehelse, støy og forureining av friluftsområda.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
028/17	Eldrerådet	PS	17.10.2017
053/17	Plan- og miljøutvalet	PS	31.05.2017
	Levekårsutvalet	PS	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Trude Langedal	15/2147

Framlegg til planprogram og oppstart av kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen

Vedlegg:

Knarvik - Alversund med Alverstraumen _planprogram _forslag mai 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 11-12 og 11-13 vedtek plan-og miljøutvalet oppstart av kommunedelplan for Knarvik- Alversund med Alverstraumen og legg planprogram for kommunedelplanen ut på høyring.

Plan- og miljøutvalet - 053/17

PM - behandling:

Framlegg frå A. Dyngen-Frp:

Endring til rådmannen sitt framlegg:

Endre under punkt 4.1.2 Sentrale tema i planarbeidet vil være: Vurdera areal for einebustadtomtar i avstand frå Knarvik

Endre vurdera areal til Leggja til rette

Framlegget vart samråystes vedteke.

PM - vedtak:

Endre under punkt 4.1.2 Sentrale tema i planarbeidet vil være: Vurdera areal for einebustadomtar i avstand frå Knarvik

Endre vurdera areal til Leggja til rette

Saksopplysningar:**Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Levekårsutvalet i høyningsperioden

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Det ligg inne i Lindås kommune sin planstrategi(2016—2019) at kommunedelplanen for Knarvik-Alversund med Alverstraumen skal reviderast i perioden 2016-2018. Det er to kommunedelplanar som vert slått saman til eitt planområde i tillegg til at området vert utvida mot nord. Planområdet er på ca 29 km² og omfattar den mest sentrale og folkerike delen av Lindås kommune. Gjeldande kommunedelplanar for området er frå 2004 og 2007. Bakgrunn for revisjonen er at det er forventa stor vekst i Bergensregionen i åra framover og at det skal leggjast til rette for at mykje av veksten kan skje i Nordhordland. Gjeldande planar ligg ein del år tilbake i tid og det er behov for å gjere nye vurderingar av arealbruk og overordna strukturar innanfor planområdet.

Planprogram og konsekvensutgreiing

Kommunedelplan for K-A-A utløysar krav om planprogram og konsekvensutgreiing med bakgrunn i at planen vil ha vesentlege verknader for miljø og samfunn. Planprogrammet skal setja dei overordna måla for planarbeidet og program for konsekvensutgreiinga.

Forslag til planprogram er utarbeidd haust 2016/vår 2017 i tett prosess med politisk styringsgruppe som er plan- og miljøutvalet. I tillegg har det vore eigne innspelsmøter med dei ulike fagavdelingane og forslag til planprogram vart presentert i regionalt planforum 25. april 2017.

Politisk styringsgruppe

I prosessen med styringsgruppa er ein kommen fram til føljande hovudtema for planarbeidet; Regionsenterutvikling, Bustad, Næring og sysselsetting, Landbruk, Kommunikasjon og overordna infrastruktur, Sosial infrastruktur og offentleg areal, Tilknyting til sjø og kystlinje, Folkehelse og Friluftsliv og rekreasjon.

Målsetjing for dei ulike tema har vore gjennomgått og drøfta i styringsgruppa. Eit svært viktig tema i styringsgruppa har vore å sikra sentrale og viktige tur – og friluftsområde for innbyggjarane. Det er med bakgrunn i dette at planområdet er utvida i høve til gjeldande kommunedelplanar og at ny avgrensing av markagrensa skal vurderast i planarbeidet.

Innanfor planområdet er om lag 70% av eksisterande bustadar einebustadar. I arbeidet med planprogrammet er det laga ei oversikt over planlagde bustader og bustadområde under planlegging. Oversikta viser at nesten all bustadutbygging som vert planlagt framover er konsentrert småhus eller konsentrerte bustadar i leilegheitsbygg. Ei konsentrert bustadutbygging er i tråd med nasjonale føringer om fortetting, men når ein ser at nesten all planlagt bustadutbygging er konsentrert ønskjer styringsgruppa at også areal for einebustadar i avstand frå regionsenteret skal vurderast i planarbeidet.

Fortetting er eit viktig tema for å unngå nedbygging av areal og byspreiing, men også ei utfordring knytt til eksisterande bustadar. Fokus i planarbeidet vil være å sikra kvalitet i områda som vert fortetta og at ein avgrensar kva områder som skal fortettast. Omsyn til eksisterande busetnad og fortetting med kvalitet vert viktige stikkord for dette arbeidet.

Det er mange dispensasjonssøknader i gjeldande KDP i samband med bustad og fritidsbustad i LNF. Tema i planarbeidet vert å utforma føresegnehene slik at eksisterande naust vert sikra i føresegnehene og at sakshandsaminga vert forenkla for mellom anna bustad/fritidsbustad i LNF og eldre reguleringsplanar utan utnyttingsgrad.

Prosess

Styringsgruppa har drøfta å avgrense tema som skal handsamast i planarbeidet, først og fremst med omsyn til framdrift og kapasitet. Med omsyn til omfanget av tema som styringsgruppa ønskjer å belyse i planarbeidet, og innspela som er teke med frå regionale mynde, vil planprogrammet for KDP slik det no føreligg innebere ein full revisjon av planen.

Samfunnsplanen for Lindås kommune(2017-2029)

Samfunnssdelen til kommuneplanen er no under revisjon, planen skal leggjast ut på høyring i sommar med godkjenning i september 2017 ifølgje framdriftsplanen. Samfunnssdelen gjev føringer for planarbeidet med KDP K-A-A, forslag til strategiar i samfunnssdelen er til ein viss grad ivaretakne i planprogrammet og dei vert innarbeidd i dokumentet når samfunnsplanen er vedteken.

I forslag til samfunnsplan er det utarbeidd mål og strategiar for åtte hovudtema: *Regionsenterutvikling, Industri og næring, Attraktive nærmiljø, Kultur og frivillig arbeid, Klima og miljø, Livsmeistring og fellesskap, Kommunale tenester, Samfunnstryggleik og beredskap*. Det er særlig tema regionsenterutvikling som gjev føringer for arbeidet med KDP K-A-A.

Kommunedelplan for E39 Flatøy–Eikefettunnelen

Statens vegvesen planlegg ei ny trase for E 39 frå Flatøy til Eikefettunellen. Det vert vurdert fleire alternative trasear gjennom planområdet K-A-A, enten nordover langs fv 57 eller ulike tunelløysingar gjennom Knarvik. Framdrifta på planarbeidet er planvedtak hausten 2018. Val av trase for ny E39 er ein sentral premiss inn i arbeidet med kommunedelplanen. Dersom planarbeidet med E39 vert forsinka vil dette kunne påverke framdrifta for KDP K-A-A. Vurdering av framdrift for arbeidet må gjerast underveis i planprosessen.

Regionalt planforum

Planforumet gav positive tilbakemeldingar på forslaget til planprogram og innspel til tema som manglar og bør innarbeidast i planprogrammet. Tema som vart spelt inn var; kulturarv, senterstruktur og handel (kor og korleis), miljø og tilpassing til endra klima, tilrettelegging for barn og eldre, samordna areal- og transportplanlegging og at det vert teke omsyn til kjelder for drikkevatn. Innspela er innarbeidd i det endeleg forslag til planprogram som er lagt ved saka.

Vurdering

Det har vore ein lang og grundig prosess kring utarbeiding av planprogrammet for KDP K-A-A.

Plan- og miljøutvalet tek stilling til om ein skal godkjenne oppstart av planarbeid og sende planprogram for kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen ut på høyring og offentleg ettersyn. Merknadene som kjem inn til planarbeidet vert handsama i eit eige styringsgruppemøte, der ein vurderer om innspela eventuelt vil medføre justeringar av planprogrammet.

Etter dette vil plan- og miljøutvalet få planprogrammet tilbake for endeleg godkjenning.

Tilråding

Administrasjonen vil tilrå at det vert meldt oppstart på planarbeidet og at planprogrammet vert sendt ut på høyring

.....